

## Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune

Vedtatt av Øygarden kommunestyre, dato 17.06.2021, sak 091/21. Gjeldande frå 17.06.2021. med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21, jf. forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eiendomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 59 og lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova)

### 1. Formål og omfang

1.1 Formålet med retningslinjene er å legge til rette for at matrikkellova og stadnamnlova med tilhøyrande forskrifter vert oppfylt, for at einsarta og pålitelege adresser er tilgjengelege slik at det er lett å finne fram i kommunen.

Det er ei målsetjing at alle relevante eigedomar skal ha offisiell adresse i form av vegnamn med adressenummer og eventuell bokstav.

1.2 Offisiell adresse kan vere:

- Vegadresse fastsett med vegnamn, adressenummer (husnummer) og eventuell bokstav
- Områdeadresse fastsett med områdenamn, adressenummer (husnummer) og eventuell bokstav
- Matrikkeladresse, fastsett med gardsnummer, bruksnummer og eventuelt festenummer og/eller undernummer, med tilhøyrande matrikkeladressenamn.
- Til offisiell adresse kan òg eit bustadnummer høyre med. Det er og høve til å kunne nytte adressetilleggsnamn, jf. § 54 i matrikkelforskrifta.

### 2. Adresseemynde og namnemynde

#### 2.1 Adresseemynde

Eining plan, geodata og oppmåling er Øygarden kommune sin adresseemynde, jamfør administrativt delegeringsreglement, 28.05.2020. Adresseemynde har ansvar for at adresseforvaltninga i kommunen skjer etter reglane i matrikkellova og tilhøyrande forskrift.

Adresseemynde deler inn kommunen sitt vegnett i adresseparsellar som saksførebuande arbeid for tildeling av offisiell adresse i form av adressenamn og - nummer.

#### 2.2 Namnemynde

Eining plan, geodata og oppmåling er Øygarden kommunen sin namnemynde. Namnemynde utnemner eit stadnamnutval som har forslagsrett og innstillingsmynde for namnsetting og skrivemåten av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn. Namnemynde er også ansvarleg for å gje uttale på kommunen sine vegne om skrivemåten av stadnamn/adressenamn som kommunen ikkje har vedtaksretten for. Namneobjekt av stor offentleg betydning, t.d. torg og offentlege bygg skal leggjast fram for politisk avgjerd.

### 3 Retningslinjer for utforming av adressesystemet og nummerering

3.1 Adresseemynde skal utarbeide tenlege adresseparsellar som skal ha som hovudføremål å gjere det enkelt for alle å finne rett adresse.

3.2 For nye område/bustadfelt der vegadresser skal nyttast, bør adressering og namnsetting skje samstundes med første gong handsaming av reguleringsplan, slik at ikkje tilfeldige namn kjem i varig bruk.

- 3.3 Kartverket sin til kvar tid gjeldande adressevegleiing vert lagt til grunn for tildeling av offisiell adresse. Startpunkt for nummertildeling av adresser til veg eller område med eige adressenamn er normalt der vegen eller tilkomsten tek av frå overordna veg. Der ein adresseparsell har to eller fleire tilknytingspunkt til overordna veg, skal utgangspunktet for nummereringa starte ved første tilkomst i høve til aukande nummerretning på overordna veg.
- 3.4 Sidevegar til overordna veg bør vera eigen adresseparsell og få eige adressenamn dersom sidevegen er:
- Kortare enn 200 meter og fører til minst 10 adresseeiningar eller
  - Lengre enn 200 meter og fører til minst 5 adresseeiningar.
  - Lengre enn 500 meter og fører til fast busetnad og/eller verksemdar.
- 3.5 Områdeadresse kan nyttast i område (t.d. hyttefelt) utan køyreveg, som øyer/holmar og andre områder som ikkje kan adresserast til eksisterande vegnett.
- 3.6 Det skal nyttast ulike tal på høgre og like tal på venstre sida av ein veg sett frå startpunktet av vegen.
- 3.7 Adresseemynde kan gjera unntak frå reglane som er sett i punkt 3.4 og 3.5 der det eventuelt viser seg meir tenleg og/eller for å unngå større endringar i det etablerte adressesystemet.
- 3.8 Nummereringa langs sidene til ein veg bør gå mest mogleg parallelt. Det bør reserverast ledige adressenummer i tilfelle utbygging. Jamfør avstandsprinsippet pkt. 3.9.
- 3.9 Avstandsprinsippet vert nytta i områder med spreidd busetnad. Adressenummer vert då rekna ut frå startpunktet til vegen rekna i 10-meter. (Døme: Ei adresseeining som ligg på venstre side 400 meter frå der vegen startar får tildelt adressenummer 40.) Avstandsprinsippet bør nyttast der avstanden mellom dei fleste adresseeiningane er større enn 50 meter.
- 3.10 Endring av adresse, jf matrikkellova § 21 og forskrifta § 50, pkt 7 og 8  
Når det er naudsynt å få klarere og meir eintydige adresser, kan Adresseemynde endre tidligere tildelte adresser. Adresseemynde kan endre tildelte adressenummer, og avgjer også om adresseparsellar må endre adressenamn.  
Dei som vedtaket får verknad for skal orienterast og ha moglegheit til å uttale seg før endringa.

#### **4 Retningslinjer for val og skrivemåte for adressenamn og stadnamn.**

- 4.1 Namnemynde fastset nye adressenamn og skrivemåte til namnet for dei einskilte adresseparsellane. Saksgangen i handsaming av nye adressenamn skal følgje reglane i lov om stadnamn med tilhøyrande regelverk.
- 4.2 Ved vurdering av nye adressenamn skal Kartverket sin adresserettleiing om prinsipp for val av adressenamn leggjast til grunn.

- 4.3 Namnemynde skal etablere eit administrativt namneutval med deltakarar frå eining plan, geodata og oppmåling, eining kultur og eining drift og vedlikehald. Namneutvalet skal gi namnemynde råd og vurdering i samband med veg- og stadnamnsaker.
- 4.4 Namneutvalet skal ha møte når nye adresseparsellar treng namn eller andre stadnamnsaker vert tatt opp. Jamfør stadnamnlova § 6 lgangsetjing av stadnamnsak.
- 4.5 Namneutvalet møter også ved klage på skrivemåten eller geografisk plassering av stadnamnet.
- 4.6 Namnemynde gjer delegert vedtak om adressenamn, stadnamn og skrivemåte av desse.

#### **5 Skilting - jf matrikkelforskrifta § 57.**

- 5.1 Eining eigedom, drift og vedlikehald har ansvar for å setje opp adressenamnskilt. I tillegg skal Eining eigedom, drift og vedlikehald i naudsynt omfang setja opp og halda ved like kryssorienteringsskilt og andre opplysnings- og tilvisingsskilt som skal hjelpe ukjende fram til rett adresse. Skilta skal vere i samsvar med skiltforskrifta til vegtrafikklova.
- 5.2 Eigiar, festar og tiltakshavar er ansvarleg for at den einskilde bygning eller eigedom vert merka med adressenummeret. Nummerskilt og eventuelt tilleggsskilt skal plasserast slik at det er tydeleg kva for bygg og inngangsdør det høyrer til. Nummerskilt skal som hovudregel plasserast 2,5 meter over bakken og så vidt mogeleg til høgre for inngangsdør og innkjørsler frå veg. Skilta skal vere lett synlege frå den vegen dei høyrer til, vere reine og heile og med tydelege tal og eventuelt bokstavar. Samstundes bør skilta plasserast slik at dei er godt leselege når det er mørkt. Der det er vanskeleg å sjå skiltet frå veg/sti, skal nummerskilt setjast opp i passande høgde på port, innhegning/gjerde, stolpe eller anna eigna stad, og om mogeleg til høgre for inngang/innkjøyring.
- 5.3 Husnummerskilt og tilvisingsskilt skal vere i varig materiale. Husnummerskilta skal ha tydelege lesbare teikn og tilfredsstillande kontrast mot bakgrunnen. Teksthøgde på minimum 105 millimeter. Kommunen kan pålegge huseigar/festar å skifte eller utbetre skilt som er mangelfulle eller feilaktige.

#### **6 Klage – jf. stadnamnlova § 12 og matrikkellova § 46**

- 6.1 Det er ingen klagerett på namnemynde sitt vedtak av adressenamn. Det er klagerett på valt skrivemåte av adressenamn. Slik klage følgjer stadnamnlova sine klagereglar gitt i § 12 -klage. Statsforvaltaren er klageinstans.
- 6.2 Det er ingen klagerett på adressemynde sine val av kva for adresseparsell som skal endre namn.
- 6.3 Adresseeigar kan klaga på adressemynde si adressenummertildeling, eller på kva adresseparsell hans/hennar adresse er knytt til.
- 6.4 Klage etter punkt 6.3 skal skje i samsvar med reglane i forvaltingslova.

#### **7 Iverksetting**

Desse retningslinjene trer i kraft etter endeleg vedtak i Øygarden kommunestyre 17.06.2021.